Kultur og Humaniora nytt

Nr. 13 6. okt. 2003

Eit meldingsark frå **Institutt for kultur- og humanistiske fag**

http://www.hit.no/af/kh/

Avdeling for allmenne fag, Høgskolen i Telemark

Ansv. red.: Instituttleiar Kristian Hanto

Arbeidsseminar om kulturøkonomi

Kulturpolitisk forskernettverk inviterer onsdag 8. oktober til arbeidsseminar (workshop) i Kulturøkonomi.



Forskar Sigrid Røyseng leier seminaret. Dette studieåret har ho også ansvaret for undervisninga i kulturpolitikk på Kulturstudiet.

Tilskiparane stiller spørsmålet: Kva er kunnskapsstatusen for kulturøkonomi som fagfelt i Noreg? Kulturpolitisk forskarnettverk ønskjer med dette arbeidsseminaret å kaste lys over kulturøkonomiske spørsmål gjennom både forskingsbaserte og meir praktisk orienterte innlegg.

Mellom innleiarane finn me professor **Per Mangset** (HiT), FoU-leiar **Georg Arnestad** (HiSF), Forskar **Knut Løyland** (TF-Bø), dagleg leiar av Forum for kultur og næringsliv **Elizabeth Føllesdal** og forskar **Sigrid Røyseng** (TF-Bø).

Fullstendig program finst på http://www.telemarksforsking.no/public/start/default.asp

Faglunsjprogram

I fleire semester har enstusiastar ved instituttet arrangert dugurd med noko fagleg attåt i det som har fått namnet FAGLUNSJ. Sjefsentusiastar dette arbeidsåret heiter **Øyvind T. Gulliksen** og **Olav Rovde**, og det er kvar måndag dei manar medarbeidarar ved AF til å kombinere niste med interesse for kva kollegaene driv og granskar.

Så langt i haust har me høyrt **Olav Solberg** om den nye boka si *Forteljingar om drap,* **Olav Rovde** om *Lærarlaget – profesjonsinteresser og fagforeiningsmakt,* **Ole Martin Høystad** om boka *Hjertets kulturhistorie***.** *Den emosjonelle vendinga i europeisk kultur og* **Eivind Røssaak om** *Kjærlighet i film. Diskusjon av et emne i bokmanuset "Filmens makt" som skrives for Makt- og globaliseringsutredningen.*

Så kjem desse forvitnelege emna:

13. okt. **Ellen Schrumpf:** *Berus Eder!*
20. okt. **Harald Klempe:** *Tempel og kyrkje under bakken*
27. okt. **Øyvind T. Gulliksen:** *Om å skrive for Norsk Biografisk Leksikon*
3. nov. **Nils Ivar Agøy:** *Tolkien, mytenes mann*
10. nov. **Anne Lorentzen:** *Musikalske entreprenørskap*
17. nov. **Torun Berntsen:** *Refleksjoner i dialog – over Peter Fjågesund og Ruth A. Symes: "The Northern Utopia"*

Solberg med ny antologi om norske folkeviser

7. oktober gir **Olav Solberg** ut antologien *Norske Folkeviser. Våre beste balladar* på Aschehoug og i Den norske lyrikklubben. Det er ei illustrert praktbok som inneheld dei litterært sett beste norske folkevisene, slike som "Draumkvedet", "Åsmund Frægdegjæva" og "Bendik og Årolilja".

Tekstane er originale nedteikningar – språkleg normaliserte - og ikkje dei rekonstruerte versjonane vi kjenner frå lese- og songbøker. Solberg har skrive innleiing til antologien og dessutan kommentar og språklege merknader til dei enkelte visene.

Utopisten Peter Fjågesund

Peter Fjågesund har nett gjeve ut boka *The Northern Utopia: British Perceptions of Norway in the Nineteenth Century* på det hollandsk-amerikanske forlaget Editions Rodopi saman med sin engelske kollega Ruth A. Symes. Lanseringa finn stad i den norske ambassadørbustaden i London torsdag 9. oktober.



Boka er hovudresultatet av eit femårig forskingsprosjekt omkring det britiske synet på Noreg frå slutten av 1700-talet og fram til 1900. Eit biprodukt av det same prosjektet var boka *Til Telemark! Utlendingers reiser på 1800-tallet*, som Fjågesund gav ut i 2001.

Primærmaterialet til *The Northern Utopia* er meir enn 200 publiserte reiseskildringar, saman med ei rekkje romanar, dikt, tidsskriftartiklar og andre skriftlege kjelder skrivne av engelskmenn om og frå Noreg.

Boka vert utgjeven i Rodopi-serien *Studia Imagologica*, og fell såleis innanfor kategorien "image studies" eller "perception studies", som tek for seg korleis enkelte folkegrupper eller nasjonalitetar ser på "dei andre". Trass i ein historisk innfallsvinkel diskuterer såleis boka også dagsaktuelle problemstillingar.

Framstillinga tar for seg britane si oppdaging av Noreg som reisemål, det historiske tilhøvet mellom landa, det norske samfunnet sett med britiske augo, og britane si oppleving av den norske naturen.

Ei av oppdagingane i boka er at den engelske statsministeren William Gladstone sine to vitjingar til Noreg var ein avgjerande grunn til at han gjekk inn for irsk sjølvstende.

Norsk selskap for 1700-tallsstudiar med styremedlemer frå IKH

Norsk selskap for 1700-tallstudiar heldt generalforsamling i samband med selskapets konferanse *Kunnskap og kunnskapsformidling på 1700-tallet* på UiO, 4.-6. september 2003.

Nytt styre ble valt med **Otto M. Christensen** som leiar, **Sven Arntzen** som kasserar (begge IKH – idéhistorie/filosofi), **Olav Solberg** (IKH – norsk) som sekretær, Ellen M. Krefting (Idéhistorie, UiO) som nestleiar, Helge Jordheim (Germanistisk, UiO) som medlem, Jon holm (Fransk, UiO) som 1. vara og Camilla K. Danielsen (Litteraturvitskap, NTNU) som 2. vara.

Neste konferansen til selskapet blir planlagt lagt til Bø, truleg i september 2005, med temaet *Oppdaginga av det politiske*.

Øyvind Gulliksen back in town

Det var ikkje bare Jens Bjørnebo som elska Amerika. **Øyvind Tveitereid Gulliksen** gjer det framleis, anten det skjer gjennom studiar i brev frå tidlege norske immigrantar eller i tekstar på immigrantgravsteinar på einsame landsens kyrkjegardar på hi sida av blåmyra.



Gulliksen er heimkomen etter to års permisjon som er nytta til stipendiat og professorjobb ved Luther College i Decorah, Iowa.

I den siste utgåva av *Norsk Litterær Årbok* har han eit intervju med den amerikanske diktaren Robert Bly. Intervjuet har tittelen: "…der kjem det vatn rennande ut or himmelen. Robert Bly om norsk litteratur."

I ei bok utgitt ved Universitetet i Uppsala med tittelen *Att fånga världen i ord. Litteratur og livsåskådning . Teoretiska perspektiv* skriv han om "Skriften aleine. Litteratur og livssyn i sekulær lutherdom."

I august heldt Gulliksen ei forelesing på ein konferanse om "Litteraturen og det hellige", arrangert av Universitetet i Aarhus. Tittelen på forelesinga var "Sakramentene i skjønnlitteraturen".

Smånytt. Mellomstort nytt. Små storhende.

Tidlegare underdirektør ved Avdeling for allmenne fag **Einar Fagerås** er tilsett som ny administrerande direktør ved Arkitekthøgskolen i Oslo, og tar til i jobben midt i november. Me gratulerer han hjarteleg med stillinga, og ønskjer han lukke til.

Eli Glomnes og **Eivind Landmark** har fagleg ansvar på eit kurs Fylkesmannen i Telemark har bestilt. Det gjeld kommunikasjon i offentleg forvaltning, og går over tre dagar i løpet av hausten, med omrking 20 deltakarar.

Claus Krag er medforfattar av Cambridge History of Scandinavia, Volume 1: Prehistory to 1520, eit lite band på 900 sider. Det er det fyrste i ein serie på 3 band på engelsk om heile den skandinaviske historia. Krag har skrive kapitlet "The Early Unification of Norway", som handlar om den norske rikssamlinga frå Harald Hårfagre og fram til ca. 1130. Professor Knut Helle i Bergen har vore hovuedredaktør.

Sven Arntzen har ein artikkel med tittel "Landscape and Meaning: the Immaterial Dimension of Environmental Preservation" i Gary Backhaus and John Murungi (eds.), *Tensional Landscapes: The Dynamics of Boundaries and Placements*, Lanham, Md: Lexington Books, 2003.

Arntzen hadde også eit innlegg med tittelen "Use and Aesthetic Appreciation: Incompatible Approaches to the Land?" på *The Fifth International Conference on Environmental Aesthetics* i Lepaa, Finland, 5-8 august. Konferansen hadde som tema *Jordbrukets estetikk.*

Olav Solberg underviser i haust (november) færøyske hovudfagsstudentar i norsk folkevisekultur og folketradisjon. Kurset går på Froðskaparsetur i Torshavn, varer ei veke og er del av eit meir omfattande studieopplegg.

Med utgangspunkt i den nye boka Solberg har skrive – *Forteljingar om drap. Kriminalhistorier frå seinmellomalderen* – held han også gjesteforelesing på Háskoli Íslands i Reykjavik 14. oktober.

Peter Fjågesund føreles på Norsk bibliotekforening sine samrådsdagar på Bø Hotell 14. oktober. Temaet er ABM (Arkiv, Bibliotek, Museum) og Fjågesund vil fortelje om erfaringane med prosjektet kring *Til Telemark!* og *The Northern Utopia*, som medførte samarbeid med alle dei nemnde sektorane.

Kor kjem idéhistoria frå?

Sven Arntzen og **Otto Christensen** har gjeve ut boka *Hvor kommer idéhistorien fra? Tematiske og teoretiske brytninger i idéhistoriefaget* (Kristiansand: Høyskoleforlaget, 2003).

Boka er ei samling artiklar basert på foredraga som blei presentert på instituttets symposium i idéhistorie med same tittel i august 2002. Ho er eit tilskot til diskusjonen om idéhistoria sine kjelder, om idéhistoriefaget sin eigenart i høve til andre fag som er orienterte mot kultur og historie, og om kva plass det nasjonale bør ha i idéhistoriefaget.

Forfattarane har bakgrunn i idéhistorie, filosofi, historie og litteraturvitskap, og kastar lys over temaet frå sine ulike faglege ståstader: Dorthe Jørgensen (Aarhus), "Hvad er idéhistorie?"; Trond Berg Eriksen (Oslo), "Hva kan idéhistorikere si om Norge?"; Nils Gilje (Bergen), "Idéhistorie og folkekultur is den tidlige moderne perioden – Noen utfordringer og muligheter"; Knut Ove Eliassen (Trondheim), "En lav opplysning?"; Sverre Bagge (Bergen), "Fra jordlapp og pengestykke til mentalitet og diskurs – Historiens forhold til idéhistorien", Victoria Höög, "Idéhistoria och den klassiska bildningstraditionen. Reflektioner över humaniora framtid i det senmoderna samhället".

Norsk Biografisk Leksikon

Band 6 av Norsk Biografisk Leksikon er kome på biblioteket. I band 5 og 6 er "våre" folk godt representerte, fyrst og fremst som skribentar:

Nils Ivar Agøy skriv om Kristian Laake.

Øyvind Tveitereid Gulliksen skriv om Kristofer Janson, Simon Johnson, Ulrik V. Koren og Hans T. Lyche.

Claus Krag skriv om Kalv Arnesson, Magnus den gode, Magnus Haraldsson, Magnus Olavsson Berføtt, Malmfrid og Margrete Fredkulla

Olav Rovde skriv om Peder Kolstad, Theodor Landmark og Johan Melbye.

Ellen Schrumpf skriv om Tove Mohr.

Olav Solberg skriv om M.B. Lnandstad og Rasmøs Løland.

Dag Aanderaa skriv om Johan Lindqvist, Ingebjørg Mælandsmo, Aslak Nestestog og vår eiga **Eldrid Lunden**.

Personalnytt

Høgskolelektor **Karianne Skovholt** er tilsett som vikar for å undervise i norsk på grunn- og mellomfag, norsk for utanlandske studentar og på Scandinavian Studies in Telemark.

Høgskolelektor **Solveig Gotehus** er reengasjert til å undervise i norsk for utanlandske studentar.

Vår tidlegare professor **Halvard Vike** er under tilsetting som professor II ved masterprogrammet i kulturstudiar.

Høgskolelektor **Dag Solhjell** er tilsett som vikar i kunstformidling ved studiet i kulturarbeid.

Høgskolelektor **Otto Christian Dahl** er tilsett som vikar i kulturvern.

Fyrsteamanuensis **Inger J. Birkeland** er tilsett som vikar med ansvar for kulturanalyse ved kulturstudiet.

Høgskolelektor **Liv Schønhardt Westgård** er tilsett som vikar for å undervise i Kulturarbeid blant barn og unge.

Forskar **Åsne Haugsevje** er tilsett som stipendiat i samband med Strategisk høgskoleprogram.

Forskar og musikar **Anne Lorentzen** er tilsett som stipendiat ved masterprogrammet i kulturstudiar.

Forskar **Sigrid Røyseng** er tilsett som vikar ved Kulturstudiar og Kulturarbeid.